


05a



FISKERIRETTLEIAREN I HERØY
MØRE OG ROMSDAL

See D8 ✓
ETV ✓
F7 ✓
ZEL ✓
Bibl.



ÅRSMELDING
1991

INNHALD.

KAPITEL	SIDE
1. Nemnder og styrer for perioden 1988-91	1
1.1 Innleiing	2
2. Merkeregisteret	3
2.1 Fiskarmanntalet	4
3. Fiskeflåten i Herøy. Ringnot, industritrål	5
3.1 Industritrål.Reketrål,Line/garn/kystnot og snurrevad	6
3.2 Konsesjoner	7
3.3 Servise for fiskeflåten.Oppdrettsnæringa	8
4. Fiskeindustrien i Herøy	9
5. Tabell over levert fangst i Herøy.	10
6. Oppsummering	11
Kart over oppdrettslokaliteter i Herøy	12

FORORD.

Herøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden. I sør mot Sande kommune.

Det er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya og øyane Skorpa, Nerlandsøya, Runde, Remøy, Leinøy, Bergsøy og Flåvær.

Kommuna har 540 øyar, holmar og skjær, og har ei flatevidde på 130 kvadratkilometer.

Ved årsskiftet 1990/91 hadde kommuna eit folketall på ca 8200.

6 av dei 8 øyane er no knytte saman med bruer som gjer det lett vint for folk å kome seg til kommunesenteret i Fosnavåg med Rådhuset og kommuneadministrasjonen.

Retleiar kontoret ligg i Fosnavåg. Det er rimeleg god plass. Det er 2 kontorrom og eit mindre arkivrom. Eit av kontora er såpass stort at det kan nyttast som møterom for møta i fiskerinemnda. Vi har dt vanlegeutstyret som trengs. Etter vi fekk telefaks har utgåande brevpost minka monaleg.

Kontoret har i mestedelen av tida hatt kontorhjelp utan stillingsheimel. Johnny S. Kvalsund har dei siste åra vore ansett som kontorfullmektig. Delvis er han løna av kommuna, og medein mindre del som tilskot til løna frå Fiskeridirektoratet. Fiskerirettleiar er Odd Sævik.

1. NEMNDER OG STYRER FOR PERIODEN 1988 - 91.

Herøy Fiskerinemnd

Medlemer:

1. Anton Leine, 6094, Leiar
2. Arne Sævik, 6094, nestleiar
3. Arnt Leinebø, 6094
4. Inge Nærø, 6094
5. Hans Sande, 6095

Pers. varamedlemer:

1. Jan Magne Kvalsvik, 6099
2. Knut Arne Høyvik, 6070
3. Åse Alnes Kvalsvik, 6099
4. Jonfred Kvalsvik, 6099
5. Hans Petter Leine, 6094

Fiskarbankens Takstnemnd

Medlemer:

- Odd Sævik, 6094, Leiar
Knut Sævik, 6094, nestleiar
Elias Tjervåg, 6070, motorkunnig

Varamedlemer:

1. Reidar J. Remøy, 6094
2. Svein Rune Gjerde, 6070
3. Alf Gunnar Skogen, 6080

Herøy Hamnestyre

Medlemer:

- Charles Remø, 6094, Leiar
Magne Sævik, 6090,
- Jan Magne Kvalsvik, 6099,
nestleiar
- Reidar Hole, 6090,
Jonfred Kvalsvik, 6099
- Erling Husøy, 6080
Ragnhild Klungre Leine, 6094
- Palmar Kleppe, 6080
- Per Odd Paulsen, 6092

Personlege varafolk:

1. Leif K. Igesund, 6090
2. Selma Håkonsholm, 6094
3. Marit Skogen, 6080
4. Jonny Sande, 6095
1. Reidar Remøy, 6094
2. Randi A. Rønning, 6076
3. Kjell Moltu, 6076
1. Inge Nærø, 6094
2. Randi A. Rønning, 6076
3. Isak Enerhaug, 6090
4. Leif Lervik, 6070
1. Knut Sævik, 6094
2. Ingrid Kvalsund, 6098
3. Paul R. Kvalsund, 6095
4. Arne Jøsok, 6080
1. Oddbjørg Remøy, 6094
2. Ragnvald Vågsholm, 6090
3. Hans Sande, 6095
1. Arnhild Abrahamsen, 6094
2. Kjell Olav Kleppe, 6080
3. Henry Berge, 6095

Herøy kommune vert ofte nemnt som den største fiskerikommuna i landet. Dette kjem sjølsagt an på kva slags mål ein legg til grunn. Men påstanda kan vel ha mykje føre seg. Det er vel ingen kommune i landet som har ein større og meir variert fiskeflåte enn Herøy. Også når det gjeld aktive fiskara peikar Herøy seg ut. Det er nærare 10 % av folketalet i Herøy som er registrert i fiskarmann-talet, og når det gjeld verdi av ilandbragt fangst er og flåten frå Herøy på topp. I 1991 kom førstehandsverdien frå flåten opp i 371 mill. kroner. Det er 11 mill. meir enn rekordåret 1989 og heile 44 mill. meir enn i 1990.

Vi visar ellers til oppstilling seinare for dei ymse flåtegruppene.

I året som gjekk var det store problemer i oppdrettsnæringa. Låge prisar, dumpingsanklager, store lager av innfrose laks saman med konkursen i FOS skapte store vanskar for oppdrettarane. Det fekk og oppdrettarane i Herøy merka.

Den sokalla "Sunnmørsmodellen" med samdrift av anlegg på nye lokalitetar vart gjennomført i Møre og Romsdal etter dei alvorlege utbrot av furunkulose over heile fylket. Det vart store vanskar med å finne høvelege lokalitetar for anlegga. Sjøl om det er store sjøområder i Herøy er det berre i Herøyfjorden det er egna område for oppdrettsanlegg i sjø. Det er 2 slakteri for laks i Herøy. Det eine har status som sanitetsslakteri.

Fiskeindustrien i Herøy er ikkje kva den eingong var. Mottaksanlegg for fisk har minka dei siste åra. Det er no berre eit anlegg som tek imot fisk av vesentlig betydning. Det er Sunnmørsfisk a/s som tek imot store kvanta for eksport i løpet av året. Fosnavåg Fryseri tek i hovudsak mot makrell, reke og sild, men kjøper og mindre kvanta fisk for eigenproduksjon for det innanlandske marked.

Det er 3 røykeri i Herøy som tek imot sild for produksjon av røykte produkter for eksport i tillegg til sildoljefabrikken til Silfas på Moldtustranda.

Herøyflåten har god tilgang til servise innan kommuna. Det finnast to notbøteri. Eit i Fosnavåg og eit på Eggesbønes. To reidskapsfabrikkar, den eine med ein velassortert skipshandel. På notbøteriet i Fosnavåg kan dei og ta ettersyn på dei fleste typar av redningsflåtar. For den mindre kystflåten og fritidsflåten er det eit godt tilbod med mindre reparasjonsverkstader spreidd rundt om i kommuna. Og når det gjeld skipselektronikk er vi i stor grad sjølhjelpete, då det i Fosnavåg er forretningar som både leverar og reparerar elektroniske apparater.

Etter fleire år med minkande antal farty i registeret kan ein no for 1991 registrere ei auke på 15 båtar. Av desse er det 14 båtar som er under 10 meter. Etter kvoteordninga for merkeregistrerte farty vart innført er presset på å få båtane inn i merkeregisteret auka monaleg. Det er ingen lovheimel for å nekte fiskara å føre inn farty i merkeregisteret når dei fyller krav om manntal og eigarandel og båten elles er skikka for fiske..

Fiskeflåten i Herøy pr 31.12.90					storleik		byggeår, avgang/tilgang 1990					
Lengde i meter	Antall farty			Status pr 31/12	Før 1/1 1930	Før 1/1 1940	Før 1/1 1950	Byggeår			Etter 1980	Totalt
	Status pr 1/1	Avgang	Tilgang					Før 1/1 1960	Før 1/1 1970	Før 1/1 1980		
Under 9.99m	150	7	14	157	1		2	6	14	82	52	157
10m - 14.99m	26	2	1	25				1	2	12	10	25
15m - 19.99m	4	1	0	3				1		1	1	3
20m - 24.99m	2	0	0	2	1				1			2
25m - 29.99m	1	0	2	3					1	1	1	3
30m og over	31	3	1	29			1	7	5	12	4	29
Totalt	214	13	18	219	2	0	3	15	23	108	68	219

Fiskeflåten i Herøy pr.31.12.91.					Storleik		byggeår, avgang/tilgang 1991					
Lengde i meter	Antall fartøy			Status pr.31/12	Før 1/1 1930	Før 1/1 1940	Før 1/1 1950	Byggeår			Etter 1980	Totalt
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang					Før 1/1 1960	Før 1/1 1970	Før 1/1 1980		
Under 9.99m	157	8	22	171	1		2	8	17	88	55	171
10m - 14.99m	25	0	4	29				1	2	13	13	29
15m - 19.99m	3	0	0	3				1		1	1	3
20m - 24.99m	2	1	0	1	1							1
25m - 29.99m	3	0	0	3					1	1	1	3
30m og over	29	2		27				7	4	12	4	27
Totalt	219	11	26	234	2	0	2	17	24	115	74	234

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle dei som bur i riket og som har fiske og fangst som næring.

Manntalet blir nytta ved tilståing av rettar og/eller sosiale stønadsordningar som gjeld for fiskara og fangstfolk. Det er "billetten" fiskara må ha for å oppnå det som tilkjem dei av tilskot, kvotar, sjukeløn, ferietilskot, A-trygd for fiskara og andre sosiale goder som er tiltenkt fiskarane.

Fiskarane blir registrert på 2 ulike "blad" i manntalet. På blad B blir dei oppførde som antas å få minst 20 vekers full beskjftigelse i fiske og fangst, d.v.s. folk som har fiske og fangst som hovuderverv.

På blad A blir dei oppførde som har fiske som bierverv. Reglane for å stå på blad A er ikkje så strenge. Det er mest eldre fiskara som har trappa ned aktiviteten i fiske, som er uføretrygda eller som av andre grunnar ikkje fyller krava til å stå på blad B.

Fiskarmanntalet og merkeregisteret for fiskefarty er kobla slik at for å ha eit farty i merkeregisteret so må eigaren eller eindel av dei som eig fartyet stå i manntalet, enten på blad A eller blad B. Det er og ei forutsening at fartyet blir nytta i ervervs-messig fiske. Etter dei strenge kvotereguleringane vart innført er presset frå einskildpersonar auka monaleg for å bli teken opp i manntalet og soleis få fartya sine registrert i merkeregisteret for fiskefarty.

Utviklinga i antal fiskara i Herøy på blad B fordelt på aldersgrupper for åra -82,-83,-84,-85,-86,-87,-88,-89,-90, og 91.

	< 20 ANT %	< 30 ANT %	< 40 ANT %	< 50 ANT %	>50 ANT %	TOTAL ANT %
1982	49 9.0	166 30.5	107 19.7	101 18.6	120 22.0	543 100
1983	65 11.5	168 29.5	120 21.0	95 16.7	127 16.3	569 100
1984	53 8.7	203 33.6	126 20.9	100 16.6	121 20.1	603 100
1985	71 11.9	199 33.4	117 19.7	99 16.6	109 18.3	595 100
1986	70 10.3	235 34.8	149 22.0	103 15.2	119 17.6	676 100
1987	74 10.2	256 35.6	153 21.2	108 15.2	121 15.0	719 100
1988	101 14.2	241 33.8	157 22.0	107 15.0	107 15.0	713 100
1989	101 16.1	218 34.7	135 21.4	92 14.6	83 13.2	629 100
1990	51 8.3	253 40.9	120 19.4	95 15.4	97 15.7	618 100
1991	59 9.0	235 35.7	144 21.9	100 15.2	120 18.2	658 100

PÅ Blad A var det i 1986 91 personar, i 87 var det 92, i 88 var det 93, i 89 var det 105 og ved utgangen av 1990 og 91 var det 126 personar på Blad A.

Rekruteringa til fiskeria i Herøy er framleis god. Det vart 45 nyinnmeldingar i manntalet i 1991 mot 58 året før.

FISKEFLÅTEN I HERØY.

Som ein vil sjå i statistikken over fiskeflåten i Herøy så er talet på fartøy nokso stabilt, med ein liten tilgang på 26 farty og ein avgang på 18. Netto tilgang 8 farty, dei fleste i gruppa 5-10 meter.

RINGNOTFLÅTEN.

Ringnotflåten er den dominerande flåtegruppa i herøyflåten. Herøy ilag med Austevoll har dei store ringnotmiljøa i landet. Ved årskiftet 90-91 var den aktive konsesjonskapasitet 133.150 hl og 1 "sovande" konsesjon på 8.000 hl. Ved årskiftet 1991-92 var det 13 aktive ringnotfarty med ein konsesjonskapasitet på 143.250 hl. og ein "sovande" konsesjon på 8000 hl.

Det går stendig føre seg ei oppgradering og fornying av utstyr i flåten so ein kan trygt seie at flåten er i god stand. Det har vore ein stor fordel om det har vore økonomisk forsvarleg med ei fornying av flåten, men med dei store kapitalutgifter som krevs og med begrensa kvoter ser ikkje reiarane seg syn med det.

Med ei auke frå 162 mill. kroner i 1990 til 186 mill. kroner i 1991 befestar ringnotflåten si stilling som den viktigaste flåtegruppa i Herøy.

BRUTTO FANGSTINNTTEKT FOR RINGNOTFLÅTEN FOR ÅRA 1984-1991.

1984: KR. 121.321.000.-
 1985: KR. 125.000.000.-
 1986: KR. 127.000.000.-
 1987: KR. 113.000.000.-
 1988: KR. 154.500.000.-
 1989: KR. 184.000.000.-
 1990: KR. 162.000.000.-
 1991: KR. 186.000.000.-

To av ringnotfartya har ikkje løyve til å drive kolmuletråling. Den eine av dei driv ombordproduksjon av frosnevarer.

INDUSTRITRÅL.

Herøy hadde 6 industritrålara i 1991. Fartya er for det meste eldre farty, men dei er moderniserte og oppgraderte so ein kan trygt seie at dei er i tipp topp stand. Det visar også igjen på resultatata. Industritrålarane frå Herøy er alltid blandt toppbåtane i industritrålflåten.

Med den intense drifta til industritrålarane har alle no utskifingsmannskap. Drifta er no so hektisk at ingen greier å stå ombord heile året. Dette gjer seg og utslag i betre fangstar og betre arbeidsmiljø.

Forts.

INDUSTRITRÅL: (forts)Brutto fangstinntekt for industritrålarane 1985-1991.

1985: KR. 15.000.000.-
 1986: KR. 19.000.000.-
 1987: KR. 25.000.000.-
 1988: KR. 19.500.000.-
 1989: KR. 29.000.000.-
 1990: KR. 27.000.000.-
 1991: KR. 37.000.000.-

6.

1991 var soleis det beste året industriflåten har hatt, og dei auka fangstane med 10 mill.kroner i 1991.

REKETRÅL.BRUTTOFANGST FOR REKETRÅLARANE 1985-1990.

1985: KR. 59.000.000.-
 1986: KR. 82.000.000.-
 1987: KR. 88.000.000.-
 1988: KR. 91.000.000.-
 1989: KR. 87.000.000.-
 1990: Kr. 92.000.000.-
 1991: KR. 88.000.000.-

Ein mindre frysereketralar vart innkjøpt til Herøy og kom i full drift i 1991. Reketralinga har hatt ei negativ utvikling det siste året. Etterkvart som torskebestanden aukar blir det meir yngelinnblanding på enkelte felt, som då blir stengt for tråling. Prisane på industrireke har lege på eit lavmål, mens "Japsereka" har vore godt betalt.

Line/garn/kystnot og snurrevad.

Denne gruppa omfattar bankline og ellers ei blanda gruppe som deltek i ymse fiskeri og skifter reidskap etter sesongane. Dei to autolinefartya vi har i kommuna hadde begge eit svært godt år med ein samla fangst på omlag 28 mill. kroner. Årsaka var i hovudsak gode prisar i forhold til året før, då dei 2 fartya fiska for 22 mill. kroner.

Herøy hadde 40 båtar med fartykvotar i 1991. Det er to meir enn i 1990. 3 båtar fall ut av ordninga då grensa for å kome med i ordninga vart sett til 9 meter. Desse 3 var millom 8 og 9 meter.

Sjøl om torsken stod langt ute og det var heller dålege vertilhøve så gride dei fleste å fiske kvota si Det var eit fåtal som måtte gå nordover til Lofoten, Troms og Finnmark for å fylle kvota. For den flåten som omfattar kystnot, garn, line og snurrevad og kombinasjon av dette blei fangstverdien 33 mill. kroner. Dette er ei auke på 9 mill.kroner i høve til 1990. Dette trass i at hysefisket for sjarkflåten, som alltid har gjeve god lønsemd siste åra, var stoppa.

Herøyflåten fiska samla for omlag 371 millionar kroner i 1991.

K O N S E S J O N S K A P A S I T E T E N
FOR RINGNOTFLATEN I HERØY PR 01.01.92.

LEINEBJØRN	M-3-HØ	10.000
KINGS BAY	M-6-HØ	15.000
ARTUS	M-7-HØ	11.150
EROS	M-17-HØ	15.000
SIGLAR	M-31-HØ	7.950
VESTBAS	M-33-HØ	10.000
SJØBRIS	M-46-HØ	7.150
SMARAGD	M-64-HØ	10.000
TEIGENES	M-120-HØ	14.850
ZETA	M-240-HØ	15.000
ESPEVÆR	M-344-HØ	8.400
HERØYTRAL	M-347-HØ	7.900
KINGS CROSS	M-416-HØ	10.850

FRYSERKETRALARA

KJALKEN	M-22-HØ
REMØY	M-43-HØ
OCEAN TRAWLER	M-96-HØ
JAN MAYEN	M-99-HØ
SVINØY	M-553-HØ

MED NORDSJØ-OG LODDETRALKONSESJON

KVALSKJÆR	M-9-HØ
FLUD	M-16-HØ
SVANODD	M-26-HØ
KVALSVIK	M-29-HØ
KVALSTEIN	M-58-HØ
GOLLENES	M-276-HØ

SERVISE FOR FISKEFLÅTEN.

8.

Det er no berre eit verft igjen i kommuna som driv med nybygging og reparasjon og vedlikehald av større farty.

Det er fleire mindre verkstader med slipp som betenar sjarkflåten og den veksande fritidsflåten.

I Fosnavåg er det eit notbøteri med skipshandel. Dei har og service for redningsflåtar. På Eggesbønes er det og notbøteri, dei driv og med opplagsplass for mindre båtar.

Det er to reidskapsfabrikkar i Herøy. Den eine og med ein assortert skipshandel. Fabrikkane er i seinare åra mykje fornya, og dei leverer produkta sine over heile landet, og det har og vore satsa på eksport av nokre av produkta.

Bøteriar og reidskapsfabrikkane sysselset i perioder 50-60 personar og ein stor del av dei er kvinner.

Utviklinga med stendig meir elektroniske og elektriske apparater ombord i fiskebåtane set store krav til ettersyn, vedlikehald og nyinnstallasjonar. Det er ei forretning i Herøy som har spesialisert seg på dette og ei anna driv også i bransjen, men i mindre målestokk.

Nokre få rederi har eigne kontor, men dei fleste leiger teneste ved etablerte rekneskapskontor. Det er fleire av dei i kommuna og Skipsregnskap A/S er det største. Dei har rekneskap og tildels administrasjon for dei fleste større farty i kommuna.

OPPDRETTSNÆRINGA.

I Herøy er det 4 anlegg i sjø for oppdrett av laks og aure, og 2 landbaserte anlegg for oppdrett av kveite, piggvar og andre marine artar. Møre Marin Fisk A/S har vorte landskjendt for sitt pionerarbeid innan kveiteoppdrett. Det er og eit settefiskanlegg med kosesjon for 500.000 smolt.

I 1989 og 90 vart oppdrettsnæringa i Møre og Romsdal sterkt angrepe av furunkolose. Oppdrettarane gjennomførde då på friviljug basis den sokalla "Sunnmørsmodellen". Fleire anlegg vart samenslått og flytta til nyelokalitetar. Dei gamle lokalitetane vart so lagde brakk. Å finne nye lokalitetar i Herøy er vanskeleg, men med velvilje frå Miljøavdelinga på Molde og frå kommuna ordna det seg tilslutt så ein fann lokalitetar for samdrift for dei 4 anlegga i Herøy.

Produksjon og verdi.

1988. 4 anlegg. Produksjon: 945 tonn. Verdi kr.35.000.000,-
gjennomsnittspris, totalt kr. 37,-.

1989. 4 anlegg. Produksjon: 860 tonn. Verdi kr.25.400.000,-
Gjennomsnittspris, totalt kr. 29,50.

1990. 4 anlegg. Produksjon: 948 tonn. Verdi kr.26.000.000,-
Gjennomsnittspris, totalt kr. 27,43.

1991. 4 anlegg. Produksjon: 1301 tonn. Verdi kr.39.400.000,-
Gjennomsnittspris, totalt kr.30,28.

Tala er innhenta hos oppdrettarane. 1991 visar betre resultat enn det ein kunne vente etter den turbulens det har vore i næringa. Men prisane må nok monaleg opp før oppdrettarane igjen tjenar pengar. Dei har hatt store utlegg i samband med den mykje omsnakka "Sunnmørsmodellen".

Det er i 1991 25 årsverk i oppdrettsnæringa i Herøy.

Herøy har framleis ein variert fiskeindustri. Men det har vore ei avskaling dei siste åra for fleire av anlegga i kommuna. Det kom som eit sjokk då ei gamal solid bedrift som Herøy Canning A/S måtte gi oppbud. For Moldtustranda har det vore ein god arbeidsplass for kvinner, som det er stor mangel på i Herøy. Fosnavåg Fryseri har dei siste åra bygd eit større fryselager skote inn i fjellet på sida med det gamle fryseriet og forlenga kaia. Det er no eit tipp topp moderne anlegg for mottak av makrell, sild og fisk. Det er dessutan 3 røykeri og ein sildoljefabrikk. I Herøy er det 2 hermetikkfabrikker. Ein på Moldtustranda og ein i Fosnavåg som produserer eit vidt spekter av ymse produkter. Det er og 2 lakseslakteri. Eitt i Fosnavåg og eitt på Moltustranda. Sildoljefabrikken er ein av dei store arbeidsplassane i kommuna med 40 ansette. Ved fabrikk blei det i 1989 oppført nytt bygg for produksjon av LT-mel samt andre bygningsmessige forbetringar. Det vart investert for 15-20 mill. kroner og fabrikk er no millom dei beste i landet. Det er spesielt viktig for ringnotflåten i Herøy å ha eit slikt mottak i kommuna. Fiskeindustrien hadde i 1991 fylgjande sysselsetningseffekt:

Årsverk: Menn: 126 årsverk. Kvinner: 78 årsverk.

Dei 2 fiskevegnfabrikkane og dei 2 notbøteria hadde i 1991 brukbart med arbeid og hadde slik sysselsetningseffekt:

Årsverk: Menn: 36 årsverk. Kvinner: 32 årsverk.

DIVERSE SALGSLAG
NORSKE BÅTER

HERREDSSTATISTIKK

ENHET KR, KG, HL

1991 - TOTAL-TALL 1515 HERØY

F I S K E S O R T	L E V E R A N S E H O V E D P R O D U K T					L E V E R A V		R O G N A V	
	FERSKVEKT	RUNDVEKT	UTBETALT	OMSATT	HEKTOLITER	VEKT	UTBETALT	VEKT	UTBETALT
ÅL	0	0	0	0	0	0	0	0	0
HAVÅL	0	0	0	0	0	0	0	0	0
LAKS/SJØØRRET	0	0	0	0	0	0	0	0	0
LØDDE	38,772,355	38,772,355	19,138,161	16,570,269	399,715	0	0	0	0
STRØM-/VASSILD	0	0	0	0	0	0	0	0	0
ØRRETFISK	0	0	0	0	0	0	0	0	0
KVEITE	18,116	24,456	646,580	641,364	0	0	0	0	0
RØDSPETTE	0	0	0	0	0	0	0	0	0
BLÅKVEITE	1,300,816	1,560,979	17,830,915	17,622,749	0	0	0	0	0
SMØRFLYNDRE	0	0	0	0	0	0	0	0	0
ANNEN FLYNDRE	526	631	3,373	2,994	0	0	0	0	0
BROSME	652,363	913,309	6,105,148	5,323,095	0	0	0	0	0
SKREI	0	0	0	0	0	0	0	0	0
VÅRTORSK	0	0	0	0	0	0	0	0	0
ANNEN TORSK	1,488,361	2,083,706	20,940,655	20,292,455	0	0	0	0	0
LYSING	2,316	3,242	18,449	17,528	0	0	0	0	0
LANGE	530,186	742,200	7,580,550	7,376,314	0	0	0	0	0
BLÅLANGE	21,972	30,760	181,025	174,382	0	0	0	0	0
HYSE	755,116	1,057,163	8,686,714	8,456,005	0	0	0	0	0
SEI	5,357,683	7,232,873	32,716,932	32,303,522	0	0	0	0	0
LYR	34,330	44,629	220,621	203,576	0	0	0	0	0
POLARTORSK	0	0	0	0	0	0	0	0	0
ØYEPÅL	908,600	908,600	540,422	545,826	9,086	0	0	0	0
KOLMULE	21,128,020	21,128,020	11,564,571	11,677,782	229,652	0	0	0	0
HVITTING	22,524	31,534	114,399	108,497	0	0	0	0	0
STEINBIT	24,728	40,802	184,182	176,002	0	0	0	0	0
TOBIS	0	0	0	0	0	0	0	0	0
UER	553,943	914,005	5,527,773	5,429,139	0	0	0	0	0
ROGNKJEKS	0	0	0	0	0	0	0	0	0
BREIFLABB	11,473	32,124	298,084	295,210	0	0	0	0	0
HØRNGJEL	0	0	0	0	0	0	0	0	0
HESTMARELL	6,062,039	6,062,039	4,062,124	4,103,158	67,356	0	0	0	0
SMÅSILD	0	0	0	0	0	0	0	0	0
FEITSILD	139,120	139,120	330,856	335,603	1,495	0	0	0	0

Som det går fram av meldinga har herøyflåten aldri førd iland fangstar med større verdi enn i 1991. Samla kom fangstresultatet på 371 mill. kroner. Det var gjenopninga av loddefisket og betre fiskeprisar som var årsaka til det gode resultatet . Vintertorskefisket for kystflåten var mykje hindra av dårleg veir . Fisker heldt seg og langt ute, så dei minste båtane hadde problem med å fiske opp kvota si. Stoppen i hysefisket på hausten med låg bifangstprosent skapte problem for dei fartya som dreiv linefiske på dei vanlege felt på mørkysten. Men stort sett kom den heilårsdrevne kystflåten ut med eit brukbart resultat i 1991.

1991 var det fyste året at verknaden av "Sunnmørsmodellen" gav seg utslag på kvantumet. Det viste seg at for Herøy auka kvantumet monaleg. Spesielt for eit av anlegga var det særst stor auke. Det visar seg at lokalitetane har alt å seie for eit godt resultat. Ein av lokalitetane ga diverre dårleg resultat, og der hadde dei stor dødelegheit. Det er lite rom for utviding av konsesjonar i sjø for nye anlegg i Herøy. Dei fleste lokalitetar er no i bruk, og det er vel berre i Flåværområdet det framleis er lokalitet som er egna for oppdrett.

Fiskemottaket i Herøy har i dei senare åra vore redusert, og det har i hovudsak berre vore Sunnmørsfisk A/S som har teke mot fisk av betydning. Det ser no ut som det er på gong ei auking av mottakskapasiteten. Sunnmørsfisk A/S er igong med ei større utbygging av sitt anlegg i Fosnavåg som vil auke kapasiteten monaleg. I 1991 tok dei mot ca. 10.000 tonn så det seier litt om aktiviteten på anlegget. Også på Eggesbøneset er det eit nytt anlegg under oppføring. Det ventest ferdig i August 1992. Det vert i hovudsak basert på mottak av makrell, men det blir og rekna med heilårsdrift med mottak av andre fiskeslag.

Hamneutbygginga i Leinevika går no for fullt og vil bli slutført frå Kystverket si side første halvdel i 92. Då skal dei og ta til med den planlagde utdjupinga av Fosnavåg hamn til 7 m. Innløpet til hamna er allereide utvida til 25 m så Fosnavåg hamn kan snart betjene fiskeflåten i Herøy utan dei problemer dei største fartya har hatt spesielt ved lav sjø.

Med gode forhåpningar om auka resursar i havet vil Herøy stå godt rusta både på land og sjøsida til å møte dei store utfordringar fiskerinæringa går imøte i åra som kjem.

Lokaliteter for oppdrett

- ▲ Tovikfisk A/S
- Herøylaks A/S
- ◆ Herøy Fiskefarm A/S
- ⊠ OK FISK A/S
- Møre Marin Fisk A/S Landbasert Kveite/Steinbit
Torskeoppdrett i sjø
- ⊕ Haldor Frøystadvåg Landbasert Kveite/Piggvar
- ▭ Samdrift/Herøylaks - Herøy Fiskefarm 1990 -1991
- ▭ Samdrift/Torvikfisk - OK FISK Utsett 1990 - 1991

X Settefisk Øyalaks A/S

